

Inntakskontoret

23. mars 2017

## Tilbakemelding på inntak våren 2017

Her kjem vår vurdering etter gjennomgang av inntakslistar og dialog med Nils Skavhellen.

### **Studiespesialisering Vg1**

112 plasser, 77 søkjarar - manglar 35

- Vi vurderer det slik at vi må redusere frå 4 til 3 klasser.

### **TIP Vg1**

75 plasser, 34 søkjarar – manglar 41

Vi manglar 11 elevar for å fylle opp tre klasser.

- Vi vurderer det slik at vi må redusere frå 5 til 3 klasser.

### **TIP Vg2 Industriteknologi**

28 plasser, 13 søkjarar – manglar 15 elevar

- Vi vurderer det slik at vi må reduser frå 2 til 1 klasse.

### **DH Vg2 Interiør og utstillingsdesign**

15 plasser, 2 søkjarar – manglar 13

I denne klassa har vi i år hatt 6 elevar. Til neste år har vi to søkjarar.

- Vi vurderer det slik at vi må leggje ned dette tilbodet.

### **Påbygg**

28 plasser, 54 søkjarar

Vi har god søknad til påbygg og er open for å ta ei klasse til.

### **Innføringsklasse**

Skavhellen antyder at det vil vere aktuelt å opprette ei innføringsklasse på Knarvik. Dette ønskjer vi.

*Kommentar;*

*Nedgang i søkjartal til TIP i HFK er i år konsentrert til Knarvik. Vi har dei siste åra hatt fem klasser, sjølv om andre skular i fylket har trekt ned klasser. Vi greier fortsatt å skaffe læreplasser til elevane våre. Likevel søker altså ikkje nok elevar denne utdanninga til at vi kan oppretthalde klassesetala. Heller ikkje på Vg2.*

*Nedgangen i søkjartal på studiespesialisering ser vi på som ein konsekvens av den generelle nedgangen i HFK. Då må vi ta vår del av dette. Vi må likevel gjere ei analyse på kvifor vi blir ramma så hardt.*

*Nedgangen på DH Vg2 var venta, slik trenden har vore i HFK.*

Kari Espelund Bruvik  
Rektor